



Marita Haugland
Langhøyane 37 B
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/601 - 18/14548

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
05.10.2018

Adressetildeling Gbnr. 45/469 Manger - Langhøyane 73

Delegasjonssak nr.: 260/2018

Saksutgreiing:

Massiv adressetildeling for Radøy kommune vart gjennomført i 2009-2011. Adresse-endringar og ny-adresseringar vert føreteke kontinuerleg ved enkeltvedtak.

På eigedommen gbnr. 45/469 er det no byggemeldt og godkjent einebustad med ei bueining. Alle bueiningar med eigen ytre inngang skal ha tildelt eiga offisiell gateadresse.

Skrivemåten for stadnamn er regulert i *Lov om stadnamn*, og tildelt adressenamn er godkjend av Namnekonsulentane for Vestlandet, og vedteke i Meland kommunestyre.

Vedtak på adressenamn kan ikkje påklagast, men det kan klagast på husnummertildeling og kva adresseparsell bygning/eining høyrer til.

Radøy kommunestyre har vedteke at adresseparsellen skal ha adressenamnet **Langhøyane**.

Skilting.

Etter felles forskrift til § 21 i matrikkelova (adresseforskrift FOR-2011-11-03-1077) for regionen Nordhordland og Gulen, ligg det til Dykk å gjere eigedomen si adresse synleg ved tilfredsstillande adressenummerskilt.

Skilt og plassering skal tilfredsstillast lovkrava. I visse tilfelle kan det vere aktuelt at huseigar i tillegg til standard husnummerskilt på huset eller ved innkøyringa, også set opp supplerande tilvisingskilt. Plikta grunneigar har til å supplera med tilvisingskilt trer fram der grunneigar eig heilt fram til vegkrysset og eigar kan setja skiltet på eigen grunn.

Det skal nyttast standard husnummerskilt som skal vera av typen med sjølvreflekterande botn med svarte tal. Dei aktuelle skilta kan kjøpast eller tingast i vanlege jernvarebutikkar eller direkte frå eit skiltprodusentfirma.

Av omsyn til redningsinstansane og ukjende som skal finne fram, skal korrekt hunummerskilting verte utført så snart som råd. Ved nybygg skal skilting vere utført før bygget vert teke i bruk.

Posten.

Den tildelte adressa vert også postadresse dersom ikkje postboks eller anna er avtala med Posten. Posten er informert om adresseendringa og treng ikkje eigen melding, men Posten ønskjer at andre kontaktar vert informert om den nye adressa på eigna blankettar som ein får på postkontoret. Spørsmål til Posten kan rettast på kundeservicetelefon 04004 eller internett www.posten.no.

Informasjon.

I vedlagte brosjyre ***Orientering om adresser i regionen Nordhordland og Gulen***, finn du informasjon om bakgrunn for adressetildelinga og korleis adresse har vorte tildelt. Informasjon finn du også hjå Kartverket. <https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/Kommunen-som-adressemyndighet/>

Kva gjer ein om ein ikkje er nøgd med adressa?

Kommunen har mynde til å endre ei adresse og ein adresseparsell ut frå overordna omsyn til forvaltning av adresseverket. Ei adresse skal vere i samsvar med gjeldande infrastruktur og er difor gjenstand for endring.

Etter reglane kan ein klage på sjølve nummertildelinga eller kva for veg huset skal ha si adressetilknytning til. Det er berre eigar som kan klage og klagefristen er tre veker etter varsel om endring. Ev. klage skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland, men sendast Radøy kommune. Kommunen kan yte hjelp og anna rettleiing for den som ønskjer det.

Vedtak:

Radøy kommune har i samsvar med gjevne retningslinjer gjort følgjande adressetildeling:

Gnr.	Bnr.	Bueining	Vegnamn	Tildelt husnummer
45	469	H0101	Langhøyane	73

Vedtaket er gjort i medhald av Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkelova – i kraft 01. jan. 2010) § 21 og tilhøyrande forskrift kap. 12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen.

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Orientering om adresser i region Nordhordland og Gulen (L)(141579) (L)(143882)

Mottakere:

Marita Haugland
Thomas Hansen

Langhøyane 37 B 5936
Almåslia 42 5109

MANGER
HYLKJE